

MØTEBOK BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

Møtestad: Hå rådhus
Dato: 09.11.2018
Tidspunkt: Kl. 09:00 - 13:00

Varhaug ungdomsskule	Oda Karoline Nord-Varhaug
	Maria Astafurova
	Sanne Skeie
Motland barneskule	Emma Tjelta Augheim
	Emma Eidsaunet
	Camilla Sørvåg Dahl
Nærbø ungdomsskule	Andrea Olufsen Håland
	Eivind Fagereng
	Are Obrestad
Høyland barneskule	Torje Nærland
	Ine Helberg Njærheim
	Johanna Kjetilstad Muff
Vigrestad storskule	Oda Olene Aarsland
	Stine Marie Haarr
	Mari Aniksdal
	Sara Borgenvik
	Marte Vold
	Sandrine Vold
Ogna skule	Tirill Sofie Amundsen 5.kl
	Synne Hegelstad 6.kl
	Mathias Nygård 7.kl
	Emma Frausing 8.kl
	Toralf Vingen 9.kl
	Randi Oltedal 10.kl
Bø skule	Johannes Fjermestad
	Oskar Vigre
	Linnea Håland

Varhaug barneskule	Østen Aanestad
	Mikala Hobberstad
	Maria B Reiestad - syk
Tryggheim ungdomsskule (privat)	
	Daniel Hetland
	Alette Marie Brattgjerd
	Nicolai Netland

Innkalling: Godkjent
Sakliste: Godkjent
Merknader: Ingen

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/18	"Lyst til å lære" - Ei arbeidsoppgåve til BUK 2018
002/18	Klatre og balansepark Varhaug sentrum
003/18	Spørsmål til ordføraren BUK 2018
004/18	Fordeling av midlar BUK 2018





Samandrag

Dette blei vedtatt:

001/18 "Lyst til å læra" - Ei arbeidsoppgåve til BUK 2018

BUK- 001/18 Vedtak:

Frå barneskulane:

1. Lekser: mindre heimearbeid, med timer på skulen der me kan få gjort leksene eller færre lekser. Skal noko gjerast heime må det være kjent stoff.
2. Variert undervisning: arbeidsplan, gruppearbeid, elevaktivitet, kahoot, film, spel, forsøk og leika ute.
3. Meir fysisk aktivitet.
4. Meir ekskursjonar
5. Valfag på mellomtrinnet.

Frå ungdomskulane:

1. PRUVA - Praktisk, relevant, utfordrane, variert og aktiv undervisning. Døme: Fagretta leik som kahoot
2. Mindre lekser. Spesielt viss det er mange prøvar så skal det vera mindre lekser
3. Meir turar og sosialt
4. Prestasjonar i timane skal vera ein faktor i vurderinga, det bør ikkje bare vera prøvar som tel
5. Inneklima på Varhaug og Vigrestad skal betrast. Der er det dårlig luft og ujamn temperatur

002/18 Klatre og balansepark Varhaug sentrum

BUK- 002/18 Vedtak:

1. Alternativ A vert balansepark i Varhaug sentrum.
2. Balanseparken skal ha farge E.

003/18

Spørsmål til ordføraren BUK 2018

Spørsmål og svar står i saka.

004/18

Fordeling av midlar BUK 2018

BUK- 004/18 Vedtak:

Det vert arrangert aktivitetsdag/ kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Vi tenker at det må bli to arrangement, eit for mellomtrinna og eit for ungdomsskulane. Pengane brukast til skyss og mat.

Ordførar opnar møtet med opprop av namn på elevane.

Kulturskulen ved elev Oline Johnsen. Pianomusikk.

Ungdomsrådet i Hå presenterer seg ved leiar Harly B Særheim.



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
001/18	Barn og unges kommunestyre	09.11.2018

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 18/1845 - 18/32222

"Lyst til å læra" - Ei arbeidsoppgåve til BUK 2018

Rådmannen si innstilling:

1. Barn -og unges kommunestyre 2018 prioriterer og vedtek ei 5-punkts liste til skulane i Hå med forslag til korleis me skal oppnå at elevane i større grad:
 - gler seg til å gå på skulen
 - likar skulearbeid
 - er interessert i å læra.

Elevråda skal på førehand ha gjort eit arbeid på eigen skule og ha med seg ei prioritert liste med inntil 3 forslag.

2. Skulesjefen og leiarane på skulane skal sørge for at lærarane får kjennskap til 5-punktlista, og følge opp at det skjer endringar i skulane.

09.11.2018 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Frå barneskulane:

1. Lekser: mindre heimearbeid, med timer på skulen der me kan få gjort leksene eller færre lekser. Skal noko gjerast heime må det være kjent stoff.
2. Variert undervisning: arbeidsplan, gruppearbeid, elevaktivitet, kahoot, film, spel, forsøk og leika ute.
3. Meir fysisk aktivitet.
4. Meir ekskursjonar
5. Valfag på mellomtrinnet.

Frå ungdomskulane:

1. PRUVA - Praktisk, relevant, utfordrane, variert og aktiv undervisning. Døme: Fagretta leik som kahoot
2. Mindre lekser. Spesielt viss det er mange prøvar så skal det vera mindre lekser
3. Meir turar og sosialt
4. Prestasjonar i timane skal vera ein faktor i vurderinga, det bør ikkje bare vera

prøvar som tel

5. Inneklima på Varhaug og Vigrestad skal betrast. Der er det dårlig luft og ujamn temperatur

Samrøystes vedtak.

Trond Egil Sunde kommenterte innspela.

- Skal diskutera i rektormøte.

BUK- 001/18 Vedtak:

Frå barneskulane:

6. Lekser: mindre heimearbeid, med timer på skulen der me kan få gjort leksene eller færre lekser. Skal noko gjerast heime må det være kjent stoff.
7. Variert undervisning: arbeidsplan, gruppearbeid, elevaktivitet, kahoot, film, spel, forsøk og leika ute.
8. Meir fysisk aktivitet.
9. Meir ekskursjonar
10. Valfag på mellomtrinnet.

Frå ungdomskulane:

6. PRUVA - Praktisk, relevant, utfordrane, variert og aktiv undervisning. Døme: Fagretta leik som kahoot
7. Mindre lekser. Spesielt viss det er mange prøvar så skal det vera mindre lekser
8. Meir turar og sosialt
9. Prestasjonar i timane skal vera ein faktor i vurderinga, det bør ikkje bare vera prøvar som tel
10. Inneklima på Varhaug og Vigrestad skal betrast. Der er det dårlig luft og ujamn temperatur

Bakgrunn for saka:

Elevundersøkinga for 7. og 10. trinn viser at elevane i Hå kommune over tid ikkje gler seg like mykje til å gå på skulen, og heller ikkje likar skulearbeid eller er like interessert i å læra som gjennomsnittet av elevar i Norge. Slik ynskjer me ikkje å ha det i Hå kommune, og me treng å løfta i lag for å finna ut korleis me skal bli betre.

Det å læra krev tid, innsats og motivasjon. Motivasjon er det som driv oss til å arbeida og læra. Me er alle ulike, og me vert motivert på ulike måtar. Nokre av oss er indre motiverte for å læra, det er når me oppfattar til dømes faget eller oppgåva i seg sjølv som spennande og interessant. Men me vert og ofte motivert av at andre, for eksempel lærarane, viser at dei likar oss og at det betyr noko for dei at me lærer. Og til sist kan karakterar og andre former for løn sjølv sagt og motivera.

Me ynskjer at elevane i Hå kommune skal få oppleva ein skulekvardag og ei undervisning som gjev dei lyst til å læra.

Barn og unges kommunestyre behandla ei liknande sak i 2016: *Sak 001/16 Innspel frå elevråd om tema: Motivasjon*. Men i følge elevundersøkinga i 2017, ser det ser ikkje ut til å ha ført til noko merkbar betring.

Vurdering:

Samfunnet vårt er i rask endring. Me merkar det kanskje best på stadig ny og betre teknologi. Utdanning har aldri vore viktigare for barn og unge enn akkurat no, og det er viktig for Hå kommune at skulane heng med i utviklinga og både lærer elevane viktige ferdigheitar, og framfor alt legg til rette for auka lærelyst.

Resultata dei siste 5 åra i Hå kommune ligg under nasjonalt gjennomsnittsnivå. Oransje farge tyder litt under (0,1 til 0,2 poeng under). Rød farge tyder mykje under (Meir enn 0,2 poeng under).

Tal frå elevundersøkinga:

Hå kommune, Grunnskole, Elevundersøk, Motivasjon, Trinn 7	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18
Er du interessert i å lære på skulen? - Hå kommune	4,2	4,1	4,0	3,9	4,1
Er du interessert i å lære på skulen? - Nasjonalt	4,3	4,3	4,3	4,2	4,2
Kor godt likar du skulearbeid? - Hå kommune	3,3	3,4	3,4	3,3	3,4
Kor godt likar du skulearbeid? - Nasjonalt	3,7	3,7	3,7	3,7	3,7
Eg gler meg til å gå på skulen - Hå kommune	3,7	3,7	3,6	3,4	3,7
Eg gler meg til å gå på skulen - Nasjonalt	3,9	4,0	4,0	4,0	3,9

Hå kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Motivasjon, Trinn 10	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18
Er du interessert i å lære på skulen? - Hå kommune	3,7	3,8	3,7	3,8	3,7
Er du interessert i å lære på skulen? - Nasjonalt	4,0	4,0	4,0	4,0	3,9
Kor godt likar du skulearbeid? - Hå kommune	2,7	2,8	2,8	3,0	3,0
Kor godt likar du skulearbeid? - Nasjonalt	3,2	3,2	3,2	3,2	3,2
Eg gler meg til å gå på skulen - Hå kommune	2,7	2,9	2,9	3,2	3,0
Eg gler meg til å gå på skulen - Nasjonalt	3,3	3,4	3,4	3,4	3,4

Innspel frå skulane

Nærbø ungdomsskule:

- Sørgje for synleg PRUV-undervisning kvar dag.

Varhaug ungdomsskule:

- Variert undervisning.
- Ikkje for mykje vurderingar, skapar stress.
- Betre fordeling av skulearbeidet, ikkje 5 prøver same veka.
- Meir avbrekk i skuletida, t.d turar.

- Pørve å få litt praktiske fag kvar dag, ikkje ein dag med KUN praktiske fag.
- PC`en er lett tilgjengeleg (står oppe på pulsten), dette gjer at folk vert lett distraherete og kan miste motivasjonen.

Tryggheim ungdomsskule:

- Ein dag meir med valfag
- Mindre lekser når me har mange prøver i løpet av ei veke, samt ha større variasjon av vurderingssituasjonar (ikkje bare prøver, presentasjonar, men også innsats i timane bør bli meir vurdert).
- Meir lek i timane som er fagretta, f.eks kahoot, samt at lærarane må bruke meir variasjon av opningsreplikkar når de kommer inn i timen.

Vigrestad storskule:

Desse punkta kan auke motviasjon, lærelyst og trivsel på skulen.

- Mindre lekser/leksefri skule
- Meir praktisk undervisning
- Gode lokale og godt inneklima
- Lære om ting ein treng i dagleglivet
- Meir tur/sosialt

Høyland skule:

Forslag til korleis me skal oppnå at elevane i større grad:- gler seg til å gå på skulen - likar skulearbeid - er interessert i å læra

- Leksefri: Vi er slitne etter skulen og då blir skulearbeid på ettermiddagen eit ork som fører til at det blir noko negativt. Vi kunne heller ha gått 30-60 min. lenger på skulen kvar dag slik at vi slapp lekser.
- Belønning når vi har jobba godt. Belønninga kan vera frileik, spela det vi vil på cb, få sjå film, få nokre småting som visk, blyant o.l. eller noko etande.
- Variasjon i timane: f.eks spela ulike spel som passar til det vi lærer, vera ute, gjera ulike forsøk, bruka cb enda meir enn vi gjer nå, få reisa til andre plassar for å læra (eks. Jærmuseet, jernaldergarden, vitensenteret o.l.)

Varhaug skule:

Innspel vert presentert i møtet.

Motland skule:

- Lærarane må leggja opp undervisninga med variasjon. Elevane ønskjer mykje læring gjennom elevaktivitet, gruppearbeid og leik.
- Lekser må være repetisjon av kjent stoff, og det må være passe mengde.
- Mykje god og variert bruk av chrome book.

Bø skule:

Dette tenker me på Bø skule at gjer at vi liker skulearbeid, er interesserte i å lære, og gjer at vi gler oss til å gå på skulen:

- Tryggleik: skulen må sørge for god og trygg stemning i friminutta, unngå at det blir krangling på fotball, black osv
- Vi ynskjer å vere aktive: vi ynskjer å vere meir fysisk aktive og i bevegelse i løpet av læringsøktene. Brudd i undervisninga med litt lekprega aktivitet. Fysisk aktivitet som å løpe ei runde rundt fotballbanen eller litt ballspel mellom undervisning og teoretisk aktivitet. Og dersom vi kan gjere avtale om ein gild aktivitet når vi er ferdige, dersom vi arbeider godt, kan vi ha meir lyst til å stå på og jobbe godt.
- Arbeidsmåtar: vi ynskjer at arbeidsmåtene skal vere varierte, ikkje berre "opne boka/ChromeBooken, og begynn å jobbe med sånn og sånn". Vi ynskjer å ha gruppearbeid og å få lov å småsnakke med læringspartner mens vi arbeider. Arbeidsplanar som "blomen" med ulike arbeidsoppgåver og kjekke aktiviteter kan vere ein kjekk måte å variere arbeid, og kor vi sjølv får bestemme kva vi gjer når. Vi ynskjer å bruke ulike typer læremiddel og metodar som brettspel (som passar inn i fag som naturfag og geografi), Kahoot, Quizlet og Pear-deck. Vi ynskjer og praktisk undervisning med eksperiment i fag som naturfag, samfunnsfag og andre kor det passar. Heller enn å lese om eksperiment, så vil vi gjere det eksperimentet! Vi ynskjer og å syngje meir i lag, gjerne med mikrofon! Og viktig for oss er at vi elevar sjølv får meine noko om korleis vi skal jobbe med fagstoffet, det er vi som skal lære!

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
002/18	Barn og unges kommunestyre	09.11.2018

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 18/1845 - 18/32614

Klatre og balansepark Varhaug sentrum

Rådmannen si innstilling:

1. Alternativ vert balansepark i Varhaug sentrum.
2. Balanseparken skal ha farge

09.11.2018 Barn og unges kommunestyre Møtebehandling:

Punkt 1: Ved alternativ røysting mellom alternativ A og B, blei alternativ A samrøystes vedtatt.

Punkt 2, farge:

Alternativ A fekk 6 røyster
Alternativ B fekk 0 røyster
Alternativ C fekk 3 røyster
Alternativ D fekk 4 røyster
Alternativ E fekk 17 røyster

Dei to alternativa som fekk flest røyster blei satt opp mot kvarandre.

Ved alternativ røysting mellom alternativ A og E, blei alternativ E vedtatt med 22 mot 8 røyster..

BUK- 002/18 Vedtak:

3. Alternativ A vert balansepark i Varhaug sentrum.
4. Balanseparken skal ha farge E.

Bakgrunn for saka:

Sparebankstiftelsen SR-Bank inviterte Hå kommune til eit samarbeid, for å få oppført ein

klatrepark i Hå kommune.

Sparebankstiftelsen SR-Bank støtter prosjekter som skaper gode sosiale nettverk og møteplasser. Dei meiner at gode og tilrettelagte klatreparker skaper gode moglegheiter for fysisk aktivitet for barn og unge.

Sentrumsplan for Varhaug:

Sak 042/18 i formannskapet:

Varhaug sentrum er et mye brukt område med både sentrale offentlige funksjoner og flere uformelle møtesteder som butikker, kiosker og torg. I Varhaug sentrum er det ingen større anlegg for fysisk aktivitet. Ei klatre- og balanseanlegg med tilhørende sittegrupper på torget vil fremstå som et sentralt og attraktivt møtested både for barnefamilier på dagtid og for uorganisert aktivitet for eldre barn og ungdommer på ettermiddags- og kveldstid.

I forbindelse med planarbeidet ble barn og unge på Varhaug utfordret til å gi innspill hvordan de ønsker at sentrum skal være i fremtiden. En gjennomgående tilbakemelding var at de ønsket seg møteplasser og mer aktivitet og liv i sentrum. En stor del av innspillene fremhever ulike former for klatrestativ og trampoliner. Det foreslåtte klatre- og balanseanlegget vil på en god måte imøtekomme det barn og unge på Varhaug etterspør.

Formannskapet i Hå behandla denne saka i sitt møte den 04.09.2018. Politikaren Tone Elin Berge (Arbeiderpartiet) kom med eit forslag som var slik:

Barn- og unges kommunestyre og Ungdomsrådet i Hå blir tatt med i planlegging og prosess når utforminga av klatreparken i Varhaug sentrum skal gjerast.

Formannskapet var einige i dette forslaget.

Vurdering:

Barn og unges kommunestyre skal nå bli einige om:

1. Val av type balansepark som skal setjast opp i Varhaug sentrum (2 alternativ)
2. Kva for farge det skal vera på apparata (5 fagrekombinasjonar)

1. Kva for type balansepark ønskjer du?

Alternativ A:



Alternativ B:



2. Kva for fargekombinasjon ønskjer du på balanseparken og underlaget?

Farge A



Farge B



Farge C



Farge D



Farge E



Forslag til innstilling frå:

Nærbø ungdomsskule

- *Klatrepark: Alternativ A*
- *Fargeval: Alternativ A*

Varhaug ungdomsskule

- *Balansepark: Alternativ A*
- *Fargeval: Alternativ D (1 for alternativ B og 1 for alternativ A)*

Vigrestad storskule

- *Klatrepark: Alternativ A*
- *Fargeval: Alternativ E*

Høyland skule

- *Balansepark: Alternativ A*
- *Fargekombinasjon: E*

Varhaug skule

Forslag vert presentert i møtet.

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
003/18	Barn og unges kommunestyre	09.11.2018

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 18/1845 - 18/30965

Spørsmål til ordføreren BUK 2018

Rådmannen si innstilling:

09.11.2018 Barn og unges kommunestyre

Elevane stilte sine spørsmål. Ordførar, rådmann og kommunalsjefar svara.

BUK- 003/18 Vedtak:

Bakgrunn for saka:

BUK = Barn og unges kommunestyremøte

Det er opna opp for at elevråda kan stille spørsmål til kommuneleiinga, og aktuelle personar vil svara på desse. Ein kan spørje om akkurat det som ein har lyst til.

For at kommuneleiinga skal kunne gje gode svar, har elevråda sendt inn ulike spørsmål på førehand.

Nærbø ungdomsskule

1. Kan det setjast opp fleire søppeldunkar langs turstiane i kommunen?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Kommunen ønsker ikke å sette ut flere søppeldunker langs turstier. Det er kostbart med slike

søppeldunker på grunn av hærverk, slitasje og tømning. Vi bruker allerede et dagsverk pr uke med å reise rundt i kommunen å tømme de vi har i dag. Økte utgifter her vil påvirke renovasjonsavgiften som innbyggerne i dag betaler hvert år. Det er også delte erfaringer med hvor mye det hjelper å øke antall søppeldunker langs turstier, parker og andre steder

2. Kvifor vart du ordførar?

Ordføraren svara:

Vart spurd om å stilla på liste til kommunestyret. Det er jo der vi kan vera med og styra utviklinga i kommunen.

Vart gruppeleiar. Ordførarkandidat.

Ikkje direkte val til ordførar, men kommunestyrerepresentantane som vel blant dei 33

Varhaug ungdomsskule

1. Kvifor har me ikkje korte dagar? Gå lengre nokon dagar slik at vi kan slutte tidlegare ein dag f.eks?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er teoretisk mogleg, og noko rektor kan styre. På mange skular i Hå er det ein god del skysslevar, og dette gjer det vanskelegare å organisere skuleslutt til ulike tider. Viss de ønsker endring i slike saker, er det lurt å ta det opp i elevrådet først, og så vidare i SU viss resten av elevrådet er enige.

2. Kvifor vert ikkje ungdomsskulen på Varhaug utbygd slik som barneskulen?

Ordføraren svara:

Vi byggjer skular etter behov. Barneskulen var for liten i forhold til elevtalet. Ungdomsskulen har god plass.

Dersom eg hadde så mange pengar at eg kunne byggja meir enn strengt nødvendig, ville eg ha bygd skule i Stokkalandsmarka

3. Er det mulig å innføre varm mat i kantina fast ein dag eller to i veka?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er nokre skular i Hå som serverer varm mat i kantina. Dette er blant anna avhengig av kva slags lokale det er på skulane. Det er også avhengig av at det er personale til å lage maten. Det er ei prioritering den enkelte rektor må gjere.

Tryggheim ungdomsskule

1. Korleis er ein arbeidsdag for deg som ordførar?

Ordføraren svara:

Svært variert. Må lesa ganske mykje sakspapir. Skal leda ein del møter. Skal representera komunen i ein del møter på fylket. Representerer kommunen i ein del styrer. Møter varaordførar og rådmann. Deltok på ein del arrangement med opning, helsing. Ikkje så mange selskapelegheter som folk trur.

Vanlegvis kontordag pluss ein del kveldar.

2. Kva vil du gjera med resultatane frå elevundersøkinga, f.eks. at elevane kan trivast betre på skulen?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Han fortel om korleis rektor og skuleleiinga følger opp resultatane i elevundersøkinga.

Vigrestad storskule

1. Kva er planane for Vigrestad storskule? Vil det bli oppussing av skulen med det første?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Det foreligger ingen planer om stor oppussing av skolen, men det er dette året gjort flere oppgraderinger på skolen og flere vil komme.

I år er ventilasjonsanlegget oppgradert på gymsal og garderober. Gymsalen er og brannsikret, lydisolert og rømningsveier fra gymsal er utbedret. I tillegg er tak på gymsal tekket. (Ny papp)

Det vil om kort tid starte opp arbeidet med generell brannsikring på skolen. Det vil si oppgradering av branndører, brannvinduer og brannseksjonering.

I budsjettforslag for 2019 ligger det og inne planer om nye vinduer ved skolen, men dette arbeidet er foreløpig ikke finansiert. (Penger er ikke på plass)

2. Vil det bli gjort noko med utrygge skuleveggar på Vigrestad, til dømes mot Aniksdal og Hårr? Her er det behov for fortau og gatelys.

Ordføraren svara:

Vi har eit ulvalg: Tekniske saker og Næring. Lagar prioriteringslister. Har liste når det gjeld gang- og sykkelstiar. Anna liste når det gjeld gatelys. Finn desse i økonomiplanen som vi vedtek kvart år.

Vegen mot Aniksdal står eit stykke ned på denne lista på den lista

Når det gjeld gatelys, vert det meste betalt av Statend Vegvesen.

3. Er det planar om ein balansepark på Vigrestad også (slik som den på Varhaug)?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Nei det er ikke det. Dette henger sammen med at SR-bank har tatt kontakt med Hå kommune for å høre med de om det er muligheter for å plassere en balansepark i sentrum ett eller annet sted i Hå kommune. Vi har gjort en vurdering basert på det arbeidet som nå pågår med sentrumsplanene på Nærbø og Varhaug og det er nå politisk vedtatt at det skal komme på Varhaug.

Utenfor rådhuset her på Varhaug, som er kommunesentrum i Hå kommune, er det veldig grått og trist. Vi ønsker å løfte dette området opp til noe mer enn bare en grå flate.

Ogna barne- og ungdomsskule

1. Lidtjørnvegen er smal og rett. Her kjører mange fort. Korleis kan ein få bilistane til å ta meir omsyn til ungar som sykklar og går. Her er det heller ikkje gatelys. Kjem det?

Råmann Anne Berit Berge Ims svara:

Området er delt ansvarsmessig mellom Hå kommune og Statens vegvesen. Lindtjørn er en kommunal vei. Det er ingen planer om gatelys eller gang- og sykkelvei. Fartsreducerende tiltak (typisk fartshumper) er lite ønskelig i et landbruksområde. Problemet er nok beboerne selv som bruker veien og det som kan gi best resultat er at naboer snakker sammen og oppfordres til å ta hensyn. Skolen og FAU kan også involveres i denne informasjonsprosessen.

2. Elevane på mellomtrinnet ønsker å reise på leirskule. Dekkjer kommunen kostnadane til dette?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Staten (Utdanningsdirektoratet) gjer støtte til kvar elev til å reise på leirskule ei gong i løpet av grunnskulen. I Hå kommune er det bestemt at støtta skal brukast i løpet av ungdomsskulen.

Spørsmål frå Vigrestad storskule:

Korfor får ikkje elevane på Vigrestad storskule reise på leirskule I det heile tatt?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Skal sjekka dette.

3. Kva gjer Hå kommune for at det skal vere mindre plast i havet?

Ordføreren svara:

Som kommune gjer vi lite. Kan godt hende at vi skulle tenkja gjennom kva vi brukar plast på i kommunen. Uansett trur eg ikkje at vi sender mykje plast til havs. Her må vi tenkja på kva vi gjer som enkeltpersonar.

4. Korleis finn kommunen ut kva som skal byggjast av bygg og vegar i kommunen?

Ordføreren svara:

Bygg. Lagar planar. Skulebruksplan. Barnehagebruksplan. Helse- og sosialbygg.

Så vert det laga budsjettforslag frå rådmannen. Dette er det kommunestyret som vedtek

Vegar. Mykje fylkesvegar, og då er det fylket sitt ansvar

5. Fleire ungdommar sør i Hå saknar ein plass å vera på fritida. Er det planer om å lage ein ungdomsklubb eller ein samlingsplass i denne delen av kommunen?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er ikkje sett av midlar til eigen ungdomsklubb i sør.

Likevel skjer det ein god del.

Dette året har det vore ein del tilbod utanom vanlege klubbkveldar:

Kveldar med Ungdomsklubb på Torjå kafe Vigrestad

Jentekveld på Oгна skule

Turar til Kongeparken og kino

Klubbane hadde to ferieturar for ungdom i juni

FAU har hatt arrangement på Varhaug og Vigrestad nå i høst – kor også ansatte frå fritid har bidratt.

6. Kven bestemmer opningstidene til butikkane?

Råmann Anne Berit Berge Ims svara:

Her er det fleire lover som regulerer dette + at butikkene styrer noe av dette selv.

Lov om helligdager og helligdagsfred

§ 5. Salg fra faste utsalgssteder

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseaften skal de stenge kl. 16.

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholoven)

Salg av alkoholholdig drikk etter § 3-1b kan skje fra kl. 08.00 til kl. 18.00. På dager før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi

Himmelfartsdag.
Egne regler for Vinmonopolet

Salg fra AS Vinmonopolets utsalg kan skje fra kl. 08.30 til kl. 18.00. På dagen før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag. Åpningstiden for AS Vinmonopolets utsalg kan likevel ikke være lengre enn fastsatt salgstid for annen alkoholholdig drikk i kommunen.

Åpningstiden for AS Vinmonopolets utsalg fastsettes av departementet. Departementet kan bestemme at salgstiden skal begrenses til ukens 5 første hverdager.

Salg fra AS Vinmonopolets utsalg er forbudt på søn- og helligdager, 1. og 17. mai og julaften

Høyland skule

1. I fjor på BUK lova kommunen at de skulle skifte vindauga på skulen, men det har ennå ikkje skjedd. Kor lenge til må vi vente?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Det er riktig at dette ble lovet på BUK i fjor og det ble funnet penger til arbeidet. Årsaken til at dette tar så lang tid skyldes i all hovedsak kapasitetsproblemer internt i kommunen. Drift og vedlikeholdsavdelingen må hele tiden gjøre prioriteringer og avgjøre i hvilken rekkefølge prosjektene skal gjennomføres. Da er det dessverre slik at det er noen prosjekter som må prioriteres før nye vinduer ved Høyland. Det er imidlertid nå lagt en foreløpig plan og vi håper at dette kan utføres i løpet av våren 2019.

2. Veldig mange av leikeapparata på Høyland skule er gamle og utslitne, men skulen har ikkje pengar til å kjøpa nye. Andre skular i Hå har fått veldig mange flotte leikeapparat, f.eks Bø, Ogna, Motland og Varhaug, men ikkje Høyland. Vi hadde ei skaterampe på skulen. Det var den gildaste leika vi hadde på skulen. Den blei brukt svært mykje, men blei tilslutt utslitt og måtte kastast. Vi prøver å spara pengar. FAU hjelper oss og, men det vil kanskje ta ti år før vi får nok pengar til det. Kan Høyland skule òg få nokre nye leikeapparat?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Slik som vi har prioritert pengar nå har vi ikkje lagt inn pengar til nye lekeapparat på Høyland. Det er kjempeflott at dere sparer så mye pengar slik at dere kan være med å hjelpe til slik at vi får flere lekeapparat også på Høyland.

3. Varhaug skule har ein kjempefin uteleikeplass. Kvifor skal de lage ein ny balansepark i Varhaug sentrum, men ikkje i Nærbø sentrum?

Ordføraren svara:

Som rådmannen sa. Dette er ei gåve som vi ikkje har fått til alle stasjonsbyane. Gjevaren ville og ha eit ord med i laget, så då ville dei ha det ein plass mange ungar fekk tilgang.

Vil gjerne ha det i sentrum. Sjølv om sentrumsplanen på Nærbø er ferdig først, vil det vera enklare å tilpassa i eit framtidig sentrum på Varhaug. Vidare har kommunen laga ein fantastisk leikeplass på Bø.

4. På supernytt fortalde dei at ein lærar på småtrinnet ikkje skal vera kontaktlærar for meir enn 16 elevar på småtrinnet og 21 på mellomtrinnet. Kvifor må vi likevel vera 30 stykk i klassane, og slå saman ulike trinn slik at vi blir 30 til saman? Rektor seier det er fordi vi ikkje har pengar til å ha mindre klassar. Kvifor kan de ikkje bruka meir pengar på vår skule?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er antalet elevar som avgjer kor mange lærarar rektor får lov til å tilsette, og på den måten ei rettferdig ordning. Det finnes ingen nasjonal norm for antall elevar pr kontaktlærar eller antall elevar i ein klasse.

16 og 21 elevar er normen for gjennomsnittleg antall elevar pr lærar i vanleg undervisning. Då er det eit snitt for heile skulen, og rektor må styre ressursane innad på ein skule på ein best mogleg måte.

Varhaug skule

1. Me på Varhaug skule lurar på om det ligg nokre planar for symjebasseng her på Varhaug, og kva tankar du har om dette?

Ordføraren svara:

Det er ingen planar om dette i økonomiplanen vår. Dyrt å drifta, så vi kan ikkje ha i alle stasjonsbyane. Stramare tider. Vert meir aktuelt å rusta opp dei vi har enn å tenkja på nye.

2. Skulen vår skal byggjast ut. I den samanheng lurar me på om det blir gjort noko med uteområdet. Er det mogleg å få nokre trampoliner eller t.d eit grøntområde med tre til å klatre i?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Vi har ikke lagt inn penger til det. Skolen skal bygges ut til 550 elever og det er satt av nesten 100 millioner til det. Rådmannen har ikke foreslått å sette av penger til uteområdet på skolen. Vi har hatt mest fokus på at elevene på skolen skal få gode undervisningsrom. Nå skal de ruste opp den flott idrettsparken på Iden. Den kan nok benyttes enda mer når den blir ferdig.

3. Kvifor har me fått Q-meieri melk på skulane. Er det mogleg å skifte tilbake til Tine?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Vi har hatt ute på anbud dvs at vi har bedt om pris på kven som kan levere melk til billigst

mulig pris. De som vant leverer Q-melk. Denne avtalen varer i to år – så vi får se om den blir endring på det når vi skal lyse ut denne avtalen neste gang.

Ungdomsrådet

1. Kva skjer med helsesøstrene på ungdomsskulane? Dei er svært lite tilgjengelige for ungdom som bare vil droppa inn og snakka litt «der og då». Om ein må venta på ei ein avtale i f.eks. tre veker, er det ikkje sikkert samtalen har same effekten. Helsesøstrene må nytta tida si på å vega og måla ungdomane (noko som mange gruar seg til), og ikkje til å lytta til ungdomane om korleis dei har det.

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Kor mykje helsesystem me har på dei enkelte skulane er basert på elevtalet. Alle helsesystemer som arbeider i skulehelsetenesta har mobiltelefon, som dei svarer på alle dagar også dei dagane dei ikkje er til stades på den einstilte skulen. Det vil seie at elevane i Hå kan ta kontakt med helsesystemer kvar dag.

For mange er det vanskeleg å banka på døra til helsesystemer, eller å ringa. Derfor er me i gang med å utvikla ein chatte-teneste, der ungdom kan snakka med helsesystemer når dei har behov for det. Då kan han eller ho få hjelp der og då, eller laga ei avtale om å treffast.

Dersom elevar kjem til oss med ting som ikkje kan venta, vil dei kunna få ein samtale svært raskt.

Veging og måling av barn er ein viktig del av det å sikra helsa, og har alltid vore ein viktig del av helsestasjonstenesta. Helsesystemer har likevel eit perspektiv som gjer at dei alltid skal ha tanke for kva som foregår i barn og unge sine liv.

På ungdomsskule har me samtale med alle 8. klassingar kvart år. Då snakkar me om alt frå kosthald, til psykisk helse og kva som rører seg i livet til dei unge.

2. Korleis kan helsesøstrene få meir tid til å vera til stades for ungdomane i og etter skuletida?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Me har det siste året tilført meir helsesystemer i skulen. Samtidig er det låg terskel for å kunna gå på helsestasjon for ungdom, på Vigrestad og Nærbø. Der kan du få snakka med helsesystemer som vil sikra at du får hjelpa du treng. Utover det er det i skuletida helsesystemer har ei rolle.

3. Kunne helsesøstrene hatt noko av arbeistida si i ungdomsklubbane i kommunen?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Helsesystemer jobbar i skuletida og på skulane. Det er det som er jobben deira. På ungdomsklubbane er det gode og engasjerte leiarar som kan vera gode å snakka med.

Dei kan hjelpa ungdommane å ta kontakt med helsesyster slik at den enkelte kan få snakka med ei helsesyster dersom det er behov for det.

Bø skule

1. I planlegging av nytt Nærbø sentrum: ein ynskjer levande sentrum med folk og aktiviteter. Kan det vere aktuelt å få Skatepark i nye sentrum på Nærbø? Det vil gjere sentrum attraktivt for barn og ungdom. Det er og fullt i idrettshallane. Mange driv med turn, men turnen har ikkje hall kor det er plass til turnapparat som skranker etc. Derfor er det mange typer turn ein ikkje får trent i fleirbrukshallane vi har. Derfor spør vi om det er mogleg å få turnhall der det gamle meieriet på Nærbø er?

Ordføraren svara:

Har godt samarbeid med idrettslaga. Støttar det idrettslaga prioriterer å byggja.

Stiller kommunale hallar til disposisjon.

Når det gjeld meieritomta, er det ikkje kommunen som eig denne, så vi har ikkje planar om å byggja noko der.

Grunneigar har store planar om politistasjon, buyikk og mange bustadar.

Vi håper at dei får det til, for det er ikkje triveleg med denne store byggeplassen midt i hjarta av Nærbø.

2. Trafikksikkerhet, vegmerking og belysning: er det mogleg å få tydelegare "strekar" på fotgjengerfeltet, bla. der ved Tryggheim barnehage? Ved Kvibakken og andre stader på Nærbø er det stader det kan vere mørkt og skummelt om vinteren. Gudmestadvegen er heilt mørk og det er skummelt. Bjorlandsvegen er og mørk. Langs Torlandsvegen er det god sykkelsti, men den manglar vegbelysning. Det manglar og vegbelysning om ein skal krysse ved toppen på Torland, ved vegen mot Bjorland. Er det planar for å byggje ut vegbelysning i desse områda, og på denne måten gjere skulevegen til Bø tryggare?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Fotgjengerfelt ved Tryggheim barnehage det er snakk om er sannsynligvis Tryggheim sitt private område. Kommunen kan sjekke dette og videreformidle beskjed til Tryggheim.

Dersom det er fotgjengerfelt på kommunale veier, så merkes de på nytt ved jevne mellomrom eller ved behov. Dersom det er noen som en ser er dårlig merket, så er det flott om vi får beskjed.

Kvibakken (veien) på Nærbø er belyst, men menes det andre steder enn selve veien?

Vanskelig å gi tilbakemelding generelt på andre steder Nærbø som det vises til.

Gudmestadvegen er en fylkesvei, men vi kan formidle ønske videre til Statens vegvesen.

Statens vegvesen har denne vegen høgt på sin prioriteringsliste over veger som bør få gatelys.

Langs Bjorlandsvegen er det gatelys et stykke inn, men kommunen bør se på hele strekningen frem til nye Bjorlandsringen da det delvis er tilrettelagt som gang- og sykkelvei.

Gatelys langs Torlandsvegen er under planlegging og gjennomføring av kommunen / Statens vegvesen.

3. Refleks er viktig no som det er mørkt. Kan kommunen gå ut og oppfordre til bruk av

refleks? Kan ein ha ein kommunal reflekskampanje?

Ordføraren svara:

4. Det er mange fine turområder i kommunen. Dessverre er det og mykje plastsøppel. Vi ønsker fleire søppelkassar i turområde, slik at ein blir kvitt plast ein plukkar. Og det hadde vore flott om det hang posar så ein kunne ta med om ein ville plukke søppel, slik det er på Refsnes. Er det mogleg å få til?

Jf pkt 1 under Nærbø ungdomskule. Hå kommune samarbeider med Jæren friluftsråd som tilrettelegger flere steder for søppeltømming langs kysten. Hå kommune kan, etter avtale, tilby å hente søppel som er organisert og meldt inn på forhånd til oss. Ellers så oppfordrer vi alle til å plukke søppel og kaste hjemme eller der det er tilrettelagt for dette i dag. Husk også at det er gratis å levere plastikk på Pytten, men vi kan ikke ta imot alt annet søppel fra personer da dette like gjerne kan være fra f.eks eget hjem.

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
004/18	Barn og unges kommunestyre	09.11.2018

Saksbehandlar: Trude Høyland
 Sak - journalpost: 18/1845 - 18/30968

Fordeling av midlar BUK 2018

Rådmannen si innstilling:
 Saka blir lagt fram utan innstilling.

09.11.2018 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

9 forslag blei lagt fram. Skriftleg røysting med alle alternativa. Dei to forslaga med flest røyster blei satt opp mot kvarandre.

BARN- OG UNGES KOMMUNESTYRE 9.11.2018

1. VARHAUG UNGDOMSSKULE	Dele potten på alle skulane; me ville brukt det på eigen aktivitetsdag. Dersom potten ikkje vert delt; kanonballturnering/aktivitetsdag eller felles tur.	4 røyster
2. NÆRBØ UNGDOMSSKULE	Fordele kr 60 000,- på alle skulane, så kan kvar skule avgjere kva behov ein har og kva ein ynskjer pengane skal gå til på sin skule.	8 røyster
3. TRYGGHEIM UNGDOMSSKULE	Pengane skal fordelast likt mellom dei ulike skulane til eigen aktivitetsdag.	14 røyster
4. VIGRESTAD STORSKULE	Pengane skal brukast til eit felles arrangement. Fotballturnering, innebandyturnering eller kanonballturnering.	15 røyster
5. HØYLAND SKULE	Høyland skule ynskjer å bruka 60 000 kr til ei turnering eller ein sportsdag i Loen. Ognå og Vigrestad	8 røyster

	skule kan få transport. Vi klarer ikkje å finna ut kor mykje det vil koste, men trur det kan vera 10 000. Vi tar med grillmat sjølv, og betalar nokre for å arrangera det, f.eks. Monica Herredsvela som er aktivtetsleiar i Hå kommune.	
6. VARHAUG SKULE	Me på Varhaug skule ynskjer å bruke midlane til ein aktivitetsdag for alle 5. - 7. klassingane i Hå, på Iden. Arrangementet vil vere noko liknande det som var i Loen på Nærbø for eit par år sidan. Pengane vil bli brukt til busstransport, leige av området og mat.	8 røyster
7. MOTLAND SKULE	Ønskjer å fordele pengane til skulane, men meir etter elevtal.	6 røyster
8. BØ SKULE	Elevrådet på Bø skule foreslår aktivitetsdag/ kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Vi tenker at det må bli to arrangement, eit for mellomtrinna og eit for ungdomsskulane. Pengane brukast til skyss og mat. Det vart arrangert tilsvarande arrangement for nokre år sidan, vi synst det hørtes gildt ut.	21 røyster
9. OGNA SKULE	Bruke 60 000 på ein dag til i Loen og på Jærmuseet.	6 røyster

Ved alternativ røysting mellom forslag 8 og forslag 4, blei forslag 8 vedtatt med 28 mot 2 røyster.

BUK- 004/18 Vedtak:

Det vert arrangert aktivitetsdag/ kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Vi tenker at det må bli to arrangement, eit for mellomtrinna og eit for ungdomsskulane. Pengane brukast til skyss og mat.

Bakgrunn for saka:

BUK = Barn og unges kommunestyremøte

Midlane har tidlegare blitt delt ut til:

2014: Aktivitetsdag

2015: Aktivitetsdag

2016: Ungdomstrinnet: Aktivitetsdag

Mellomtrinnet: Kreftforeninga og utstyr til kvar enkelt skule

2017: Ungdomstrinnet: Beløpet blir fordelt ut til kvar enkelt skule

Mellomtrinnet: Beløpet blir fordelt ut til kvar enkelt skule

Kvar skule førebur eit forslag til kva beløp på 60 000,- skal bli brukt til. Det vert laga forslag ut frå desse kriteria:

- Pengane må brukast på aktivitetar, arrangement eller «ting» som kan nyttast av barn og unge på tvers av der dei bur.
- Føremålet er ikkje knytt til ein bestemt skule
- Undersøk kva tiltaket kostar, slik at det er gjennomførbart for 60 000,-

Innstilling frå skulane:

Nærbø ungdomskule

- *Fordele kr 60 000,- på alle skulane, så kan kvar skule avgjere kva behov ein har og kva ein ynskjer pengane skal gå til på sin skule.*

Varhaug ungdomsskule

- *Dele potten på alle skulane; me ville brukt det på eigen aktivitetsdag.*
- *Dersom potten ikkje vert delt; kanonballturnering/aktivitetsdag eller felles tur.*

Tryggheim ungdomsskule

- *Pengane skal fordelast likt mellom dei ulike skulane til eigen aktivitetsdag.*

Vigrestad storskule

- *Pengane skal brukast til eit felles arrangement. Fotballturnering, innebandyturnering eller kanonballturnering.*

Høyland skule

- *Høyland skule ynskjer å bruka 60 000 kr til ei turnering eller ein sportsdag i Loen. Ogna og Vigrestad skule kan få transport. Vi klarer ikkje å finna ut kor mykje det vil koste, men trur det kan vera 10 000. Vi tar med grillmat sjølv, og betalar nokre for å arrangera det, f.eks. Monica Herredsvela som er aktivtetsleiar i Hå kommune.*

Varhaug skule

Me på Varhaug skule ynskjer å bruke midlane til ein aktivbitetsdag for alle 5. - 7. klassingane i Hå, på Iden. Arrangementet vil vere noko liknande det som var i Loen på Nærbø for eit par år sidan. Pengane vil bli brukt til busstransport, leige av området og mat.

Motland skule

- *Elevrådet på Motland ønskjer å fordele pengane til skulane, men meir etter elevtal.*

Bø skule

- *Elevrådet på Bø skule foreslår aktivitetsdag/ kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Vi tenker at det må bli to arrangement, eit for mellomtrinna og eit for ungdomsskulane. Pengane brukast til skyss og mat. Det vart arrangert tilsvarande arrangement for nokre år sidan, vi synst det hørted gildt ut.*

Ogna barne- og ungdomsskule

- *Bruke 60 000 på ein dag til i Loen og på Jærmuseet.*

